



Kristian Bringedal held fram som leiar i Kvinnherad Mållag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedelingen Kristian Bringedal held fram som leiar i Kvinnherad Mållag.

Også resten av styret er attvald og består av Arne Sunde (nestleiar), Anna Ingeborg Bjørnebøle (kasserar), Jorunn Toskedal (skrivar) og Bente Soldal (styrelem).

17 av 30 medlemar møtte på årsmøtet der det var stemning for samanslåing av mållaga. Saka kan ikkje avgjerast før på neste årsmøte men Bringedal helsa ein diskusjon om saka velkomen. Det er aktuelt å slå saman Kvinnherad, Halsnøy og Husnes medan Ølve held fram som sjølvstendig.

"Kvinnhersminne" skal følja med på kjøpet. Boka vert utgjeven annakvart år og er eit samarbeidsprosjekt mellom Husnes Mållag og Kvinnherad sogelag.